

RUTEBILHISTORISK FORENING AVD. SUNNMØRE

Årsmøte 2023

Rutebilhistorisk Senter EFB

Laurdag 4. mars 2023 kl. 1200



Sakliste – årsmøte 2023



1. Opning
2. Val av møteleiar, referent og to medlemmer til å skrive under årsmøtereferatet
3. Godkjenning av innkalling
4. Årsmelding 2022
5. Årsreknskap 2022
6. Vedtektsendringar
7. Innkomne forslag
8. Val

Årsmelding 2022



Styret for RHF Sunnmøre har siste året vore

Verv	Namn	Valde for
Leiar/web-ansvarlig	Tor Sindre Grønningsæter	2022/2023
Nestleiar	Jan Arild Refsnes (på valg)	2022
Kasserar	Jan Ole Lien	2022/2023
Sekretær	Ola A. Rangsæter (på valg)	2022
Styremedlem	Per Birger Eliassen	2022/2023
Styremedlem	Hans Olav Drabløs (på valg)	2022
Varamedlem	Alf Aamaas (på valg)	2022
Revisor	Frode Drabløs	2022
Revisor	Steinar Hustøft	2022
Valkomité	Bjørro S. Hjelvik, Alf Aamaas, Kristoffer Emblem	2022
Museumsnemnd	Petter K. Ulvestad, Bjørro S. Hjelvik	2022

Årsmelding 2022

Medlemsstatus

pr. 1.1.22:	111 medl.
pr. 31.12.22:	111 medl.
= endring 2022:	0

Stein A. Roald gikk bort 5. mars, og Einar Midtbust forlet oss 14. juli. Vi lyser fred over minnet!





Årsmelding 2022

Årsmøte 2022 vart arrangert på
Rutebilhistorisk Senter FFB, laurdag 12. mars.
16 deltakande medlemmar.

Styret har i 2022 hatt 3 styremøte; 7. februar, 2. mai,
3. oktober. Saker som har vore oppe:

- Søknader om ulike tilskot.
- Idéar/planlegging av utflukter og aktivitetar.
- Vurdert mogleg intern opplæring i sveising.
- Prioritering av vognprosjekt/-vedlikehald.
- Prioritering innkjøp til senter og drift.
- Vurderingar rundt evt. carportbygging.
- Fornying løyvefritak



Årsmelding 2022



Arrangement og turar

- Medlemstreff i garasja til Emblemsruta 28. april.
- RHF Veteranbusstreff Tønsberg. Ingen vogner, kun 3 medlemar på tur (Mathias, Tor Sindre og Ola).
- Helgatur til OKB-museet i Bismo 17.-18. september, med visitt hos Stryn Motorhistoriske på heimveg.
- Førjulssøndag hos Viti/Sunnmøre museum 4. desember, med open Spjelkavikrutegarasje.
- Julemiddag på Sunde Fjord Hotell, 23 stk. deltok.





Møre og Romsdal
fylkeskommune

Årsmelding 2022

Køyreoppdrag i året som gikk

- EFB-bussen - bryllupskøring Ålesund kirke - Giske (Mathias)
- EFB-bussen - tur til Skodje og omegn (Hans Olav)
- Storfjordbussen - oppdrag Sjøholt - Liabygda (Jan Arild)
- Skodjeruta var utstilt på SAK sitt arrangement "Classic Car Show" på Håhjem 13.-14. august
- GMC'en og Sulatrekkeren deltok på SAK si byrunde 30.april.
- Mørebil-lastebilen «Sosialen» deltok på Veterandagen i Follestaddalen, og ved samlarmessa i Ørsta kulturhus (Bjørn Seterbakken)

Tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune


- Vi fekk fornya løyving av 3-årig driftstilskot for åra 2022-2024 med rundt kr. 33 000,- årleg.
- Midlane til «tekniske og industrielle kulturminne», der vi fekk stønad til måling av tak og veggjar utvendig på RHS, har vi frist ut 2023 med ferdigstilling før utbetaling.

Årsmelding 2022



Vognene våre

- GMC'en T-1505 står på muséet/Spjelkavikrutegarasja.
- På RHS EFB står
 - 1004 AEC Lande; venter på nye hjulbolter + arbeidslyst
 - 1042 Bedford Skodjeruta; venter på dugnad
 - 1056 Scania Spjelkavikruta; rustarbeid i front, mykje som gjenstår før denne bussen er på vegen igjen
 - 1297 Scania VÅR; strøken vogn
 - 1226 NSB-kombi; seter utmontert for omtrekking, lakksprekker i fronten, elles strøken vogn
 - 1330 Sulatrekkeren/-tralle; strøkent sett
 - 28867 Sparegrisen; kompressorproblem har vore jobba mykje med, treng oppgradering både inn- og utvendig
 - 49070 Volvo Storfjord; bra framdrift gjennom året, sprøyt med saundefett av Refsnes jr og sr
 - 49551 Ellingsøybussen; strøken vogn
- 1047 Mørebil; står i hall i Furene, påmontert org.skilta frå 1967, etter over 10 år hos Ørsta trafikkstasjon(!), div. interiør og bagasjeromsveggar gjenstår, understellsbehandla med saundefett av Refsnes jr og sr
- 1377 Mørebil-lastebilen; står i hall i Furene, hytta treng renovering
- Uhlensbussen under arbeid hos Mathias på Sørlandet.



Årsmelding 2022

Rutebilhistorisk Senter EFB

- Vi har langsiktig utleigeavtale for stasjoningsstad Ellingsøy og uteparkering med Vy Buss i denne anbudsperioden.
- Ytterveggane har i 2022 blitt nesten ferdige måla, i dei gamle fargane frå EFB.
- Taket har vorte vurdert, og det er fleire måtar å forlenge levetida.
- Bygget er no i god stand, kaldgarasjen er neste område å satse på.

Kvar tysdag kl. 1800 er det dugnadskveld på senteret. Det er fritt for å kome på besøk, dugnadsinnsats eller ei. Fleire vogner er under arbeid, og nokre står i ventekø med ulike vedlikehaldsbehov, vi treng fleire til å delta i dugnader på vognparken vår.

Foto til årsmeldinga: Tor Sindre og Ola.



Sakliste – årsmøte 2023



1. Opning
2. Val av møteleiar, referent og to medlemmer til å skrive under årsmøtereferatet
3. Godkjenning av innkalling
4. Årsmelding 2022
5. Årsreknskap 2022
6. Vedtektsendringar
7. Innkomne forslag
8. Val